



# DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Prestar i offentlig prestestilling i Bjørgvin

Dato: 31.10.2014

Vår ref: 14/4977 - 9 JZM (14/30881)

Dykkar ref:

## **Kyrkjevalet 2015 - forslag på geistleg medlem av Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet**

Dette brevet vert sendt via prostane.

**Vi ber prostane syta for at alle prestar i offentlig stilling i prostiet får dette brevet.**

Hausten 2015 skal det vera kyrkjeval. Det skal då veljast bispedømeråd for perioden 1. januar 2016 – 31. desember 2019. Bispedømerådet har 7 leke medlemmer, 1 lek kyrkjeleg tilsett og 1 prest. Biskopen er i tillegg fast medlem.

**Bjørgvin bispedømeråd oppmodar prestane i Bjørgvin om å fremja forslag på kandidatar til geistleg medlem av bispedømerådet. Siste frist: 15. januar 2015.**

Om bispedømerådet sine oppgåver seier kyrkjelova § 23 at rådet skal ha merksemda si på alt som kan gjerast for å vekkja og gje næring til det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeidet mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet. Medlemene i bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemmer i Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt høgste organ.

Bispedømerådet har om lag 8 møte i året. Eit verv i rådet krev evne til å setja seg inn i store og til dels kompliserte saker, god kjennskap til Den norske kyrkja og eit ønskje om å vera med å leia kyrkja. Både unge og erfarne vil ha mykje å gje i eit slikt arbeid. Dei vil få vera med på å tilsetja prestar, arbeida med strategi og økonomi, gudstenesteliv, rammer for arbeidet i sokna og kyrkjepolitiske saker. I den komande valperioden skal ny kyrkjeordning meislast ut, eventuell vigsel av likekjønna blir heilt sikkert eit tema og kyrkja skal finna ut kva det vil seia å vera kyrkje i ei ny tid, ei tid prega av endring, omstilling og eit anna tilhøve til staten enn tidlegare.

Det er *Reglar for val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet*, fastsett av Kyrkjemøtet, som regulerer valordninga. Heile regelverket finst [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no).

### **Nominasjonskomité**

Prosten har ansvar for å kalla inn alle prestane i prostiet til møte for å velja ein medlem og ein varamedlem til nominasjonskomitéen for prestar. Dette er alt gjennomført i fleire prosti og skal vera gjort innan 15. desember.

### **Krav til kandidatane til bispedømerådet**

Nedanfor følgjer relevante delar av regelverket (omsett til nynorsk):

*§ 5-2 Alle ordinerte prestar som gjer teneste i ei fast offentlig kyrkjeleg prestestilling i bispedømet, er valbar og har forslags- og røysterett ved val av den geistlege*

*representanten i bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Dette gjeld institusjonsprestar, sjukehusprestar, studentprestar, feltprestar, kyrkjelydsprestar og vikarprestar som er tilsette av offentleg (kyrkjeleg, statleg, fylkeskommunal eller kommunal) styresmakt. Døveprestane er valbare og har forslags- og røysterett ved val av geistleg medlem til Oslo bispedømeråd. Ordinerte prestar tilsette i prestestilling av private organ, organisasjonar, stiftelsar og liknande fell utanfor, og det same gjeld prestevikarar. Ordinert prest ved bispedømekontoret er ikkje valbar, men har forslags- og røysterett. Ordinert prest ved dei sentralkyrkjelege råda er ikkje valbar, og har heller ikkje forslags- og røysterett ved val av prest.*

*Dersom ein prest har permisjon som varer i under eitt år, vil vedkomande framleis vera valbar, men det vil vera den som vikarierer i stillinga, som deltek i valet av nominasjonskomité og som har forslags- og røysterett, dersom vedkomande elles oppfyller krava.*

Medlemer av nominasjonskomitéen kan ikkje stå på vallista.

Medlemer av bispedømerådet kan fremjast som kandidatar, det er ikkje lenger noko grense for kor lenge same person kan vera vald inn i bispedømerådet.

### **Liste på fem kandidatar**

Nominasjonskomitéen for prestane skal setja opp ei liste på fem kandidatar. Regelverket krev at begge kjønn skal vera representerte. Nominasjonskomitéen skal dessutan ta med kandidatar frå ulike distrikt og syta for at lista om mogleg inneheld minst éin kandidat under 30 år. Komitéen bør arbeida for å få med kandidatar som dekkjer ei breidde i synet på aktuelle kyrkjelege spørsmål. Alle kandidatane vil difor få ein del aktuelle spørsmål som nominasjonskomitéen har bestemt. Svara på desse vil bli synlege i media, nettsider og kyrkjeblad, slik at veljarane får høve til å vita kven dei røystar på.

### **Slik melder de kandidatar**

Dei som vert føreslegne skal på førehand spørjast om dei er viljuge til å lata seg nominera. Av omsyn til nominasjonskomitéen sitt arbeid, bør det følgja ein liten stikkordsmessig presentasjon av kandidaten saman med ei grunngjeving på kvifor vedkomande bør bli nominert.

Gyldige framlegg på kandidatar må innehalda nødvendige opplysningar:

- Fullstendig namn og adresse, telefon og e-post.
- Fødselsdato
- Stilling og arbeidsgjevar
- Ei grunngjeving for kvifor vedkomande bør bli nominert.

Vi ber om at de brukar skjemaet som ligg ved til å foreslå kandidatar. Pkt. 3, ”opplysningar om kandidaten”, er meint som hjelp for nominasjonskomitéen. Her har de høve til å tala varmt om dykkar kandidat. Det som blir skriva her kan bli brukt i valinformasjon seinare, så skriv slik at opplysningane kan vera offentlege.

Kandidaten vil seinare få tilsendt eit eige skjema der dei fyller inn meir detaljerte opplysningar om seg sjølv.

Framlegg til kandidatar med naudsynlege opplysningar må vera oss i hende seinast 15. januar 2015. **Vi ber om at flest moglege namn kjem inn i god tid før denne dato.**

Send framlegga til:

*Nominasjonskomitéen for val av prest som medlem til bispedømerådet*  
*Bjørgvin bispedømekontor*  
E-post: [bjorgvin.bdr@kyrkja.no](mailto:bjorgvin.bdr@kyrkja.no)

*Evt. i vanleg post:*  
*Postboks 1960 Nordnes*  
*5817 Bergen.*

P.S. Etter at lista er offentleggjort 1. mars, er det høve til å fremja supplerte kandidatar til lista innan 1. mai.

Med helsing

Jan Ove Fjellveit e.f.  
stiftsdirektør

Jens Z. Meyer  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg: Skjema for bruk til framlegg på geistleg kandidat til bispedømerådet

**Mottakere:**

Prestar i offentlig prestestilling i  
Björgvin